

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

Våge, 18.09.2019

Til Lindås kommune, byggesak  
v/Tone Magrethe Berland Furustøl

## **KOMMENTAR I ETTERKANT AV SYNFARING 18.09.2019 - Våge 99/4:**

*Eg vart overrumpla, og reagerer i ettertid sterkt på, at Alf Eikevik nekta meg å vere med på synfaringa inne på 99/4, at han dermed nekta meg å høre A.E. si framstilling, eventuelt kunne rette opp feil i det som vart presentert. (Samtidig drog Alf Eikevik sin far kommunen sine representantar tilside for einesamtale etter synfaringa!) Eg stolar imidlertid fullt på Lindås kommune sin integritet her.*

*Under føl ei liknande momentliste med den eg overleverte LK sine representantar under synfaring i dag, utvida med nokre tilleggsmoment etter synfaringa.*

- Inngrepet er **større enn det som var opplyst av Alf Eikevik under synfaringa, sjå vedlegg.** (A.E. opplyste mindre enn 1 mål).
- Dagens inngrep i tunet på 99/4 må sjåast i samanheng med inngrepet frå 2014, (som er pålagt tilbakeført av kommunen, utan at dette er gjort), dei to inngrepa er samanhengande i terrenget.
- A.E. gav under synfaringa eit resonnnement på at så lenge han held eit tiltak under 1 mål var ikkje dette søknadspliktig. I praksis katastrofalt, ved å berre ta 1 mål om gangen vil ein då kunne total-rasere (som her).
- Alle kulturlaga like tilbake til steinalderen er no skrapt vekk over **fleire** mål (sjå vedlegg) i det landskapet på 99/4 som **bar garden sin historie** i seg, som altså hadde **høgast** kulturminnefaktor.
- Dette var den aller mest sårbare – og karakteristiske - delen av 99/4 sitt kulturlandskap, som Eikevik følgjeleg etter konsesjonen var særpliktig å ivareta.
- Inngrepet er som følgje av dette eit **vesentleg** inngrep, og dermed **søknadspliktig**.
- Sitat frå Hordaland Fylke sitt avslag til A.E. av 2014:

*Spørsmålet er dermed om tiltaket er eit «vesentleg terrenginngrep» etter pbl §20-1 første ledd bokstav k og dermed er et søknadspliktig tiltak. ...*

*«Hva som er vesentlige terrenginngrep vil bero på en konkret vurdering. Inngrepets størrelse må også sees i forhold til omgivelsene der inngrepet skjer. Dette betyr at man ved vurderingen av om et tiltak er vesentlig eller ikke, ikke kan legge til grunn en rent objektiv vurdering. En må også vurdere inngrepet ut fra de stedlige forhold. Det er et overordnet mål at man må legge vekt på å bevare karakteristiske kulturlandskap, kulturminner og kulturmiljøer». ... «Jo mer ømfintlig terrenget er, desto mindre skal det til før søknadsplikten utløses.»*

## OM ØKONOMI

(Kanskje litt på sidelinja m.o.t sjølve synfaringa, men heilt vesentleg for konsesjonen. Konsesjonshavar er no Judith Eikevik).

- **Kven betaler det som foregår her?**
- **Dyre anleggsmaskiner – ikkje gardsmskiner – som ein kan spore til eit sørmebasseng-aksjeselskap i Bergen, desse står stand by inne i tunet.**
- **Når dette ikkje er Judith eller Alf Eikevik sine maskiner, må det altså vere andre sine økonomiske interesser som ber det heile.**
- **I så fall i strid med konsesjonen.**
- **Desse anleggsmaskinene *kan* ikkje stå stasjonert i LNF-område på 99/4 dersom dei ikkje er avskrivne av Alf eller Judith privat, eller i 99/4 sin gardsrekneskap.**

Eg vil elles få takke for effektiv og grei synfaring.

Med vennleg helsing  
Elin H. Fanebust